

Påske med lite snø og isfritt Mannsvatn.

15.04.2014



Har nokon opplevd påske der Mannsvatnet og området rundt har vore isfritt og snøfritt?

**Det sjeldan ein opplever ei påske i Uskedalen med så lite snø i fjellet.
Då reknar vi kjkje med Ulvanåso og Englafjell med snø over 1000 meter.**

Ein tur over Storhaug og inn Steinaheiane syner at det ikkje er snø.
Mannsvatnet er isfritt. Jau, det er ope vatn som om det var midtsommars.

Hytteeigar og kjentmann i fjellet, Pål Haugland, kan ikkje minnast ei påske med isfritt vatn.

Skal ein nå i snøen, må ein langt inn på Hauglandsfjellet mot Tverrfjell og Gråfjell.
Inst i Botnane er det framleis snø. Ved Stølsvatn er litt snø på skuggesida mot Hauglandsfjellet.

Dersom nokon minnest fjellet med så lite snø i april, er vi takksame om du sender ei melding.

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland